



Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti, Stig Vattekar, Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/9271-2

Eigarmelding 2019

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek Eigarmelding 2019 til vitande.
2. Fylkestinget oppmodar Vestland fylkeskommune om å vidareføre Sogn og Fjordane fylkeskommune sin praksis med godt eigarskapsarbeid.

Vedlegg:

Eigarmelding 2019

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkesrådmannen la fram første eigarmelding for fylkestinget i desember 2008. Eigarmelding 2019 er såleis den tolvte meldinga om fylkeskommunal eigarskap.

Del I av eigarmeldinga omhandlar fylkeskommunen sin generelle eigarpolitikk, mellom anna mål for fylkeskommunal eigarskap, samfunnsansvar, etikk, rollefordeling, og habilitet. Eigarmeldinga er utarbeidd i samsvar med KS sine anbefalingar om eigarstyring, selskapsleining og kontroll.

Del II av eigarmeldinga inneheld ein omtale av kvart selskap som fylkeskommunen har eigarskap i. Vidare omfattar del II ei oversikt over stiftingar der fylkeskommunen er opprettar eller medopprettar. Del II er oppdatert med informasjon frå meldingsåret.

2. Fylkestinget sitt vedtak i sak 38/18 «Eigarmelding 2018»

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 38/18:

1. *Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.*
2. *Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.*
3. *Fylkestinget legg følgjande til grunn for selskapa, jf. vedlegg 1, del II:*

*A. Inntil anna eventuelt vert bestemt - vidareføre eigarskapen i følgjande selskap:
Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Lutelandet Utvikling AS, Opplæringsfartøy AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Kommunekraft AS, Ferde AS, Skyttel AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Sogn og Fjordane Teater LL, Trivselshagen IKS og*

Vigo IKS, og dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentre AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.

B. For F1 Holding AS syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 47/17.

C. For Sogn og Fjordane Revisjon IKS syner fylkestinget til sine vedtak i sak 44/17 og sak 11/18, og til fellesnemnda sitt vedtak i sak om val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune i møte 21. september 2018. På bakgrunn av fellesnemnda sitt vedtak i sak 34/18 i det nemnde møtet, startar fylkeskommunen arbeidet med å tre ut av Sogn og Fjordane Revisjon IKS.

D. For Njøs Næringsutvikling AS vidarefører fylkestinget eigarskapen inntil vidare.

E. For Firda Billag AS syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4.

3. Oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i sak 38/18

F1 Holding AS

Som følgje av salet av Fjord1-aksjane vurderte fylkestinget eigarskapen i F1 Holding AS i 2017. Fylkestinget bad i sak 47/17 generalforsamlinga i F1 Holding AS om å avvikle selskapet. Selskapet følgde opp fylkestingssaka med vedtak om avvikling i ekstraordinær generalforsamling 30. desember 2017.

Avviklinga vart noko forseinka då Skatteetaten utfordra F1 Holding AS sitt krav på skattefrådrag for juridisk bistand utført i 2016 i samband med sak om forkjøpsrett til aksjar i Fjord1 AS. 6. november 2018 godkjende generalforsamlinga avviklingsoppgjeret, og melde selskapet som endeleg oppløyst til Føretaksregisteret. Selskapet sine rettar og plikter er overførte til fylkeskommunen.

Sogn og Fjordane Revisjon IKS

Sogn og Fjordane Revisjon IKS (SF Revisjon), Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord og Kommune-revisjonen i Nordfjord har greidd ut moglegheitene for ei samanslåing, og leverte ein rapport om dette til eigarane i 2017. I møte 05.12.17, sak 45/17, gjorde fylkestinget slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på at dei tre revisjonseiningane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining i Sogn og Fjordane. [...]

Alle eigarkommunane handsama også rapporten. Det var full semje i kommunestyra og fylkestinget om å gjennomføre samanslåinga.

I møte 21.09.18, sak 34/18 vedtok fellesnemnda for samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune «å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden». Som følgje av fellesnemnda sitt vedtak måtte Sogn og Fjordane fylkeskommune seie opp sitt deltarforhold i SF Revisjon, med sikte på å tre ut av selskapet før samanslåinga med Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget gjorde difor slikt vedtak i sak 38/18:

På bakgrunn av fellesnemnda sitt vedtak i sak 34/18 [...], startar fylkeskommunen arbeidet med å tre ut av Sogn og Fjordane Revisjon IKS.

Ifølgje vedtekten kan ein deltarar «med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av selskapet. Utreden kan berre skje pr. 31.12». Fylkeskommunen sa opp deltarforholdet sitt ved brev av 17.12.18. Fylkeskommunen er såleis deltarar i SF Revisjon t.o.m. 31.12.19.

Jamvel om fylkeskommunen har sagt opp deltarforholdet sitt i selskapet, må fylkestinget til liks med kommunestyra, gjere vedtak om oppløsing av selskapet. Fylkesrådmannen legg fram ei sak om dette til politisk handsaming no i oktober 2019.

I samband med fylkeskommunen sin utreden vert det også eit økonomisk oppgjer. Det går fram av vedtekten at «utløsingssummen skal vere andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp». Utløsingssummen kan likevel ikkje overstige verdien av deltararen sitt innskot. Fylkeskommunen må dessutan «betale ut» sine pensjonsplikter i høve selskapet. Fylkesrådmannen vil legge fram ei sak om dette for politisk handsaming i desember 2019.

Firda Billag AS

På ordinær generalforsamling i 2019 gav generalforsamlinga styret fullmakt til å kjøpe aksjar i eige selskap i samsvar med vilkåra i aksjelova kapittel 9. Fullmakta sette ei øvre og nedre grense for beløpet som kunne betalast for kvar aksje, men styret stod «fritt med omsyn til på kva måte sal av eigne aksjar» skulle skje.

På bakgrunn av drøftinga i fylkesutvalet i møte 08.05.19 forhandla fylkesrådmannen fram ein avtale med styret om sal av fylkeskommunen sine aksjar. Salet vart gjennomført 23.08.19. Selskapet betalte 5 500 000 kr for aksjane. Dette er det høgaste beløpet som kunne betalast for aksjane ifølgje ovannemnde fullmakt. Beløpet svarar om lag til bokført verdi av aksjane.

4. Status for bustadstiftingane

Fylkeskommunen er opprettar av bustadstiftingane ved dei tre sjukehusa i Sogn og Fjordane, og peikar i følgje vedtekten ut to av tre og tre av fire styremedlemer til styra. Sidan Helse Førde overtok sjukehusa i 2002 har stiftingane leigd ut bustadmassen til Helse Førde. Fylkeskommunen har difor over tid hatt eit ønskje om at retten til å velje styremedlemer skal overførast til Helse Førde, jf. fylkestinget sitt vedtak i møte 18.10.16, sak 32/16. Fylkestinget bad i denne saka styra i stiftingane om å søkje Stiftelsestilsynet om omdanning i tråd med vedtaket.

Stiftingane søkte Stiftelsestilsynet om omdanning av vedtekten høsten 2018. Søknaden var ikkje i tråd med fylkestinget sitt ønskje når det gjeld valretten av styremedlemene. Fylkeskommunen sin uttale til den føreslegne omdanninga låg ved søknaden. Fylkeskommunen uttalar seg der negativt til stiftingane sitt endringsforslag om valordninga.

Stiftingstilsynet avslo søknaden den 13.3.2019. Tilsynet skriv m.a. at dei er einige med opprettar i at av dei ulike løysingane for valordning som er føreslegne, er det løysinga fylkeskommunen har føreslege som ligg tettast på den opphavlege føresegna. Bustadstiftingane har klaga på avslaget, og klaga ligg til handsaming hjå Stiftsesklagenemnda med venta avgjerd i løpet av hausten 2019.

Fylkeskommunen har utsett å velje nye styremedlemer til bustadstiftungsstyra, medan ein venta på at valretten skulle overførast til andre. Ansvaret for å velje styremedlemar til stiftingane vert saman med andre rettar og plikter overført til Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen reknar med at Vestland fylkesting vel nye styremedlemar til bustadstiftungsstyra innan året er omme.

5. Endringar i eigarmeldinga

Endringar i del I:

Oversikta over enkeltsaker i punkt 1.9.2 er oppdatert med relevante politiske saker sidan førre eigarmelding. For at eigarmeldinga skal gje ei fullstendig oversikt over politiske saker vil vedtak i eigarskapssaker i fylkestinget, fylkesutvalet og kontrollutvalet ut 2019 bli ført inn i ettertid.

Punkt 1.2 om fylkeskommunal eigarskap er endra slik at den syner tal selskap ved utgangen av august 2018.

Det er elles ikkje gjort endringar i del I.

Endringar i del II:

Oppdatert selskapsinformasjon

Denne delen vert skriven med grunnlag i årsrekneskap, årsmeldingar, protokollar, rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte, vedtekter, selskapsavtalar, aksjonæravtalar og politiske vedtak m.m.

All informasjon om aksjeselskapa er oppdatert, inkludert aksjekapital, fylkeskommunal eigardel, styresamansetjing, kven som møtte på generalforsamling/representantskapsmøte for fylkeskommunen, økonomisk utvikling og viktige hendingar.

Oversikta over interkommunale samarbeid er mellom anna oppdatert med informasjon om styre og leiing, og informasjonen om Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane er oppdatert i tråd med omorganiseringa som fann stad i 2019.

For stiftingane er mellom anna informasjon om fylkeskommunale tilskot ajourført. Oversikta inneholder også omtale av Stiftinga Måløy Marine Ressurssenter, der fylkeskommunen skal ha ein medlem i styret.

Endringar i eigarporteføljen

Fylkeskommunen har selt aksjane i Firda Billag AS, og avvikla F1 Holding AS. Mentro AS er fusjonert inn i Origod AS.

I sak 14/19 vedtok fylkestinget å etablere Campus Førde verftet AS:

1. *Fylkestinget godkjenner vedlagde samarbeidsavtale mellom Høgskulen på Vestlandet og Sogn og Fjordane fylkeskommune om etablering og utvikling av Campus Førde verftet AS (CFv AS), mellom anna som eit ledd i å styrke utviklinga av Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne avtalen under føresetnad av at avtalen vert godkjend av styret for Høgskulen på Vestlandet.*
2. *Fylkestinget løyver 0,045 mill. kr til kjøp av 450 aksjar á kr 100 i Energilab Sogn og Fjordane AS, med sikte på å omstrukturere selskapet til Campus Førde verftet AS. Løyvinga vert finansiert ved bruk av kapitalfondet.*
3. *Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne vedtekten for selskapet, velje eigarrepresentant, og nominere eventuelle styremedlemer*
4. *Fylkestinget legg til grunn at Campus Førde verftet AS, så snart selskapet er etablert, søker fylkeskommunen om investeringsstøtte på 15 mill. kr. Søknaden må oppfylle krava i det alminnelege gruppeunntaket (GBER).*
5. *Fylkestinget løyver 15 mill. kr til Teneste 4005 Fylkesutvalet til disposisjon. Løyvinga vert finansiert frå disposisjonsfond. Fylkesutvalet får fullmakt til å løyve inntil 15 mill. kr i støtte til Campus Førde verftet AS basert på ein eventuell søknad frå selskapet.*

Fylkeskommunen har kjøpt aksjar i Energilab Sogn og Fjordane AS, og prosessen med vedtektsendringar - inkludert nytt namn til Campus Førde verftet AS - er i gang.

Fylkeskommunen var i 2018 med på å stifte samvirkeføretaket Sinjarheim SA. Samvirkeføretaket er ei vidareføring og formalisering av samarbeidet som starta kring tiltaket Sinjarheimfondet i 2003, mellom eigar av Sinjarheim, Sogn jord- og hagebruksskule og Fortidsminneforeninga.

I 2019 har fylkestinget vedteke å opprette eit samvirkeføretak for å vidareføre dagens opplæringskontor for offentleg sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) i eit eige rettssubjekt.

6. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget tek Eigarmelding 2019 til vitande og oppmodar Vestland fylkeskommune om å vidareføre Sogn og Fjordane fylkeskommune sin praksis med godt eigarskapsarbeid.